

Kapellet, preste- og samtaletjenesten

Sykehus kapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken. Personalet kan forklare og vise deg vei!

Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudstjeneste i kapellet. Gudstjenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «Prestetjeneste».



**Vil du ha mer informasjon eller trenger du å snakke med oss?**

 Tlf: 922 07 527

 www.haraldsplass.no
Søk :prestetjenester

Søndagshelsing

23.01.2022

4. søndag i openberringstida

Tema: «Kviledagen»



Det er ikkje gudsteneste denne søndagen, men Kapellet er ope for lystenning og ei stille stund.

4. søndag i åpenbaringstiden

Preiketekst: Lukas 13, 10-17

[10](#) Ein sabbat underviste han i ein av syna-gogane. [11](#) Der var det ei kvinne som hadde vore plaga av ei sjukdomsånd i atten år. Ho gjekk krokryggja og kunne ikkje retta seg opp. [12](#) Då Jesus fekk sjå henne, kalla han henne til seg og sa: «Kvinne, du er løyst frå sjukdomen din.» [13](#) Han la hendene på henne, og med ein gong rette ho seg opp og lova Gud.

[14](#) Men synagogeforstandaren vart forarga fordi Jesus lækte på sabbaten, og han sa til dei som var samla: «Det er seks dagar til å arbeida på. Då kan de koma og la dykk lækja, men ikkje på sabbaten.» [15](#) «Hyklarar», svara Herren. «Løyser ikkje kvar ein av dykk oksen eller eselet av båsen på sabbaten og leier dei ut så dei får drikkja? [16](#) Men her er ei Abrahams dotter som Satan har halde bunden i heile atten år, skulle ikkje ho kunna løysast av det bandet på ein sabbat?» [17](#) Då han sa dette, måtte dei skjemmast, alle motstandarane hans. Men alle dei som var samla, gledde seg over alt det underfulle han gjorde.



For mennesket si skuld

Du må ikkje strikke på søndagar, fekk eg høyre av dei eldre når eg voks opp. På søndag skal vi kvile, ikkje arbeide, det er derfor Gud innførte kviledagen. Men det er vel ikkje mange i dag som ser på strikking som arbeid. Det er vel heller ein koseleg hobby...

«Sabbat» betyr kvile. Bodet om å *halde kviledagen heilag*, er tenkt til menneska sitt beste. Det handlar om to ting; å få ein dag i veka til å hente seg inn og samle krefter til komande arbeidsdagar, og det handlar om å ha tid til å søke Gud og gje Gud merksemd. Kviledagen er rett og slett helsebringande. Den gjer mennesket «heil». Orda helse og helbred kjem jo frå ordet «heil» (eng. whole). Det er i slekt med ordet «heilag» (eng. holy) som eigentleg betyr «det som bringer lykke». Det blir brukt om det som er heva over det jordiske, altså det som er opphøgd religiøst sett.

Reglar kan vere bra for å regulere samfunn og fellesskap, men ein skal ikkje halde fast i dei for regelen si skuld, dersom det går ut over andre menneske. Jesus sa sjølv at «*Sabbaten vart til for mennesket og ikkje mennesket for sabbaten*» (Mark 2, 27). Nestekjærleiken er det viktigaste, det viser Jesus oss her i denne teksten.

Derfor kan vi strikke og gå tur, eller be og tilbe og gjere det som er kjekt og godt for oss sjølve og våre medmenneske på søndagar. Gud finn vi overalt, også der vi minst ventar det. Gud er i møtet med menneske rundt oss, i dei som treng oss, og i dei som *gir oss omsorg*. Gud er kjærleik. Vi er Guds hender i verda. Gud utøver kjærleik, også på søndagar!

God kviledag!

Venleg helsing Kristin Lødøen Hope, sjukehusprest